

## Torfinn sikra, men kva med Gunn Mari?

18.09.2007



Gunn Mari Moberg – kjem ho i formannskapet?

**Uskedelingen Torfinn Myklebust sin plass i kommunestyret vart sikra under ei spanande omteljing, men kva med Gunn Mari Moberg sine sjansar til å koma inn i formannskapet? Også uskedelingane er spente framfor den siste fasen i valet som no ikkje minst skjer internt i Høgre.**

Myklebust var ein hovudaktør under ekstrarunden om sistemandatet i kommunestyret. Sølvi Ulvenes (TS) bad om at det skulle føretakast ny teljing fordi ho mangla berre tre røyster på å koma inn.

Den det eventuelt ville gå ut over var den sist innvalde for Innbyggjarpartiet – Torfinn Myklebust. Men ekstrateljinga av 6.325 lister gav berre marginale utslag. SV fekk ein pluss på tre røyster, medan Venstre, Innbyggjarpartiet og Framstegspartiet kvar fekk ein reduksjon på ein.

Etter dette vart vidare teljing droppa utifrå dette resonnementet: Hvis TS skulle hatt håp om å ta sistemandatet, måtte dei fått minst 81 slengjarar til og det var ikkje sannsynleg all den tid partiet allereie hadde tapt mest i slengjar-oppgjeret.

Når det så gjeld formannskapsvalet set mange no søkjelyset på Høgres interne vurdering: Arne Havnerås var partiet sin ordførarkandidat, men han fekk færre røyster enn uskedeling og partileiar Gunn Mari Moberg som var kumulert på andrelassen.

Spørsmålet er så om nominasjonen eller veljarane si tale bør telja mest. Her er partitradisjonen tydelegvis noko varierende på desse kantar av landet.

Men representantar for andre parti seier til uskedalen.no at det utifrå deira praksis og begrep om politisk etikk vil vera urettferdig hvis Havnerås kjem i formannskapet.

Av Ola Matti Mathisen



Torfinn Myklebust – berga sistemandatet for Innbyggjarpartiet.